



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Luster

Dato: 03.09.2024

Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 32/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 33/24	Breheimen NP - dispensasjon - 2025-2026 - riving og flytting av eldre naust - oppføring av nytt naust ved Syrtbyttvatnet - motorferdsel - Leif Egil Rustad		2024/6901
ST 34/24	Delegerte vedtak		
DS 39/24	Breheimen - Mørkridsdalen - Motorferdsel - Helikopter -Åsete - 2024 - Material og utstyr - Ole Martin Bakken		2024/8697
DS 40/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024-2027 - motorbåt - Lundadalsvatnet - salting og tilsyn av beitedyr - Sondre Myhren		2024/6164
DS 41/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024 - Rydding av vegetasjon på forhistoriske tufter ved Neto - Innlandet Fylkeskommune v/ Espen Finstad		2024/6878
DS 42/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - helikopter - transport av materialer og uttransport av avfall - Glitterbu - Skjåk Almanning		2024/6004
DS 43/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - drone - tilsyn med beitedyr - Lomseggen Beitelag v/ Espen Kvålshagen		2024/7236
DS 44/24	D elegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Dispensasjon - Hogst av ved til hytte - Steinar Øygaard		2024/6876
DS 45/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - dispensasjon - motorferdsel - motorbåt - tilsyn av beitedyr og fiske - Lundadalsvatnet - Tor Erik Myhren		2024/8325
DS 46/24	Delegert vedtak - Mørkridsdalen LVO - Riving og oppattsetting av utedo på Fast - DNT Oslo og Omegn		2024/7982
DS 47/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - helikopter - lavtflyging i forbindelse med kalvetelling av villrein - Norsk villreinsenter		2024/6607
DS 48/24	Delegert vedtak - dispensasjon -Mørkridsdalen LVO - helikopter -reataurere Haugsselet på Dulsete - Johannes Hauge		2021/4296
DS 49/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Brearkeologi i Breheimen - Innlandet Fylkeskommune v/ Espen Finstad		2024/6363

ST 32/24 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2024/6901-6

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 27.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	33/24	03.09.2024

Breheimen NP - dispensasjon - 2025-2026 - riving og flytting av eldre naust - oppføring av nytt naust ved Surtbyttvatnet - motorferdsel - Leif Egil Rustad

Innstilling frå forvaltar

1. I styremøte den 3. september 2024 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Leif Egil Rustad løyve til å byggje nytt naust som erstatning for det gamle ved Surtbyttvatnet i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 1,3 bokstav h i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld for byggjeløyvet:

- Nasjonalparkforvaltaren skal synfare området saman med tiltakshavar for endeleg plassering av bygget før bygging kan starte.
- Mønehøgda frå bakke til toppen av mønet skal ikkje overstige 2,80 meter. Utvendig lengde på bygningen skal ikkje overstige 5,1 meter og utvendig breidde skal ikkje overstige 3,0 meter.
- Vindauge kan ha ein maksimal størrelse på 45 cm x 55 cm og sprosser.
- Bruk ufalsa bord, gjerne i varierende breidde, men ikkje villmarkspanel.
- Det skal brukast kledning og tak i materialar med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, eks. materialar/farger som gjev ein mørk og matt fargeverknad.
- Alt materiell som blir til overs, og utstyr/avfall frå det gamle naustet, skal frakast ut av verneområdet etter ferdigstilling av nytt naust.
- Området der det gamle naustet står skal pyntast til og tilbakeførast etter at naustet er fjerna. Dette skal gjerast i samråd med forvaltingsmyndigheita. Ta kontakt med nasjonalparkforvaltar før arbeidet startar.
- Byggjeløyvet gjeld i 3 år frå vedtaksdatoen.
- Forvaltningsmyndigheita skal ha tilsendt bilete av bygningen etter ferdigstilling.

2. I styremøte den 3. september 2024 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Leif Egil Rustad løyve til transport av materialar og utstyr i samband med bygging av nytt naust. Løyvet gjeld også uttransport av bygningsavfall frå det gamle naustet. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld for motorferdsel:

- Det skal brukast leigekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
- Det kan køyrast inntil 5 turar med snøskuter for transport av materialar på vinterføre. Ta kontakt med nasjonalparkforvaltar dersom det blir for lite turar.
- Løyvet gjeld fram til 20. april kvart år i åra 2025 og 2026.
- Løyvet gjeld ikkje sundagar og heilag dagar.
- Motorferdsla skal gå føre seg med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og friluftsliv.
- Statens naturoppsyn Breheimen skal ha melding på SMS seinast dagen før køyring
(Jo Trygve Lyngved tlf.: 992 40 416).
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten.
- Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
- Køyrebok skal sendast forvaltningsmyndigheita innan 1. juni kvart år for åra 2025 og 2026.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Tilbakemelding frå Innlandet fylkeskommune, datert 5. juli og 7. juli 2024.
- Søknad med vedlegg frå Leif Egil Rustad, datert 3. juni 2024.

Saksopplysningar

Søknaden datert 3. juni 2024 er attgjeven nedanfor:

Jeg kjøpte naust med tilhørende båt i Syrtbyttalen høsten i 2020. Naustet var oppført i 1986 og ligger plassert i vær- og flomutsatt terreng i østenden av Syrtbyttvatnet. Under flommen i 2018 ble naustet skadd og er derfor i dårlig forfatning. Lokasjonen nærme vannkanten og

den utsatte plasseringen for vær, tilsier at det er sjans for at det samme kan skje på nytt, dersom man velger å bygge opp på samme plass.

På grunnlag av dette søker jeg nå om tillatelse til å rive det som står igjen av det gamle, og bygge et nytt naustet om lag 200 m nordvest. Dette for å verne naustet bedre mot vær og vind, og få plassert det høyere i terrenget for å unngå flomfare.

Naustet ligger i dag like øst for Syrtbyttvannet (kartref 33V 6871814.24/109538.74), søker med dette om å flytte naustet nordvest (kartref 33V 6871889.88/109466.01). (vedlegg 3)

For å få nødvendig plass til båt og fiskeutstyr vil jeg søke om å utvide naustets bredde med 1m. Utvendig mål på naustet er i dag 6m x 2m. Det nye naustet vil da ha et utvendig mål på 6m x 3m. (vedlegg 4,5,6) Dette vil bidra til å øke funksjonaliteten betraktelig, ved å gjøre det enklere å flytte båten inn og ut av naustet.

Byggeperioden er tenkt år 2025-2026.

Vil samtidig søke om tillatelse til bruk av leiekjører for transport av materialer i tenkt byggeperiode.








Det gamle naustet.



Kartskisse som er vedlagt søknaden.





Teikningar vedlagt søknaden.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er all oppføring av varige og mellombelse bygningar i nasjonalparken forbode. (verneforskriftene § 3 pkt. 1.1), med unntak gjeve i pkt. 1.2 og 1.3.

Forvaltningsmyndet kan gje løyve til bl. a: - «*riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.*» (§ 3 pkt. 1,3 bokstav h i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsmyndet kan gje løyve til bl. a: - «*bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.*» (§ 3 pkt. 6,3 bokstav f i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det mellom anna:

«Etter søknad kan det gjevast løyve til oppattføring av bygningar som er øydelagde etter brann eller naturskade. Ny bygning skal i utgangspunktet vere lik den gamle med omsyn til areal og storleik. Nasjonalparkstyret kan stille vilkår om utforming, plassering, funksjon osv.

Så lenge det gjeld oppattføring av identisk bygning på same stad (tomt) vil vanleg praksis vere å gje løyve til slike tiltak. Ved handsaming av slike søknader skal det t.d. gjerast ei vurdering kva funksjon bygningen har på staden eller i miljøet.

I særskilte høve, og i samråd med søkjar, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Hovudregelen er likevel at bygningen skal stå på den opphavlege staden.»

«All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø. Til vanleg tilrår ein:

- *bruk av kanta ufalsa bord i varierende breidde, ikkje villmarkspanel*
- *vindaug med sprosser*
- *det skal brukast kledning og tak i materialar, og med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne materialar som gjev ein mørk og matt fargeverknad der det høver. Torv, tre og stein/skifer er mest aktuelle materialar til takkledning. I enkelte*

tilfelle kan bølglekk med nøytral farge som i liten grad reflekter i sola vere aktuelt, også gamal rusta bølglekk.

Eksisterande terreng og vegetasjon skal bevarast i størst mogleg grad. Utover dei andre retningslinene som er gjevne i kapitla nedanfor tilrår ein at retningsliner i arealdelen til kommuneplanen for den aktuelle kommunen vert følgd».

Angående motorferdsel står det mellom anna:

«Det kan gjevast løyve til naudsynt transport til dei føremåla som er nemnde i § 3 pkt. 6.3 i forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda, og § 7 i forskrifta for Høyrokampen naturreservat dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet. Det inneber at det m.a. kan gjevast løyve til naudsynt bruk av luftfartøy eller snøskuter for transport av materialar og utstyr som skal nyttast til vedlikehald og byggjearbeid på bygningar, bruer og klopper. Det kan òg gjevast løyve til motorisert ferdsl for transport av varer, utstyr og ved til hytter og stolar. Ved val av trasé må det takast omsyn til villreinen.»

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jamfør § 7.

Vurdering

Leif Egil Rustad har eit naust som ligg aust for Surtbyttvatnet i Breheimen nasjonalpark. Rustad ønskjer å rive eksisterande naust og byggje nytt naust på ein anna plass som er mindre utsett for flaumvatn eller isgang. Eksisterande naust er i dårleg forfatning etter diverse påverking og ein kan bl.a. sjå ein tydeleg «knekk» på taket. Ny plassering er synleggjort i kart og bilete nedanfor.




Naustet i dag.



Ny tomt og det gamle naustet til høgre.

Kunnskapsgrunnlaget i Breheimen nasjonalpark er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø i området. Når det gjeld forholdet til villreinen så er dette godt dokumentert bl.a. gjennom årsrapportane frå villreinutval og forvaltningsplanen. Området rundt denne lokaliteten inneheld både viktige trekkveggar og opphaldsområder for villreinen. Det er ikkje registrert områder med viktig biologisk mangfald og det er heller ikkje registrerte kulturminne i tilknytning til plassen der nytt naust er tenkt plassert. Heile området som ligg i nasjonalparken er prega av lite inngrep. I følge forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark er det registrert 4 andre private hytter/naust i dette området. I tillegg går det ein T-merka stig på nordsida av Surtbyttvatnet mellom Sota sæter og Sprongdalshytta.

Saka har vore sendt til Innlandet fylkeskommune for å få ei uttale i samband med kulturminne og det bygningsmessige, og dei skriv i svarbrev at dei ikkje har innvendingar til planane. Grunneigar Skjåk Almenning har behandla saka og har godkjent planane med vilkår (§ 8).



Kart over Surtbyttvatnet med hytter og naust.

I Breheimen nasjonalpark er det i utgangspunktet ikkje anledning til å utvide bygningar eller gje nye bygningar andre bruksfunksjonar enn det opphavelige. I følgje forvaltningsplanen kan det gjevast løyve til oppattføring av bygningar som bl.a. er øydelagde etter naturskade. I særskilte høve, og i samråd med søkjar, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Hovudregelen er likevel at bygningen skal stå på den opphavelige staden og at forvaltningsmyndigheita kan stille vilkår om utforming, plassering, funksjon osv. I dette tilfellet er det sannsynleggjort at den gamle tomte kan være ugunstig med tanke på flaumvatn, isgang og vind, og press frå jordbakken innanfor naustet.

Eit eventuelt nytt naust skal i utgangspunktet vere lik det gamle med omsyn til areal og storleik. I søknad datert 3. juni 2024 skriv søkjar at utvendig mål på det gamle naustet er 6 x 2 meter. Ved kontrollmåling av bygget viser det seg at utvendige mål på naustet er 5,1 x 2,1 meter. Bygninga er altså **90 cm kortare** og **10 cm breiare** enn det som er oppgjeve i søknaden. Høgda på det gamle naustet er 2,8 meter frå bakkenivå til møne, der sjølve bygninga er 2,6 meter høg. Høgde på nytt naust er oppgjeve til å bli 2,8 meter.

På teikningane av det nye naustet er det plassert eit vindaug på kvar langsida av naustet, og størrelsen på desse er 60 cm x 120 cm. På det gamle naustet er det også enkle vindaug på kvar side av bygninga, men desse er 43 cm x 55 cm og 34 cm og 50 cm store.



Lysopningar/vindaug på det gamle naustet.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate oppføring av nytt naust på ny tomt i dette tilfellet. I forvaltningsplanen står det at hovudregelen er at bygningane skal stå på den opphavelige plassen, men med bakgrunn i at denne bygninga blir utsett for ein del påverknad, kan det vera fornuftig å vurdere ny plassering av naustet. Ved å flytte naustet til den nye tomte oppnår ein også å få samla bygningane rundt Surtbyttvatnet enda meir. Nasjonalparkforvaltar meiner også at det er mogleg å tilbakeføre den gamle tomte slik den var før naustet vart bygd.

Som tidlegare nemnt skriv søkjar at lengda på eksisterande naustet er 6 meter, og lengda på nytt naust skal framleis vere 6 meter i følgje søknaden. Nasjonalparkforvaltar legg derfor til grunn at den reelle lengda på naustet, som er kontrollmålt til 5,1 meter, er tilstrekkeleg for det nye naustet også. Nasjonalparkforvaltar meiner at eit nytt naust kan ha ei breidde på inntil 3

meter slik det er søkt om. Etter ein gjennomgang av fleire av nausta i Breheimen ser ein at breidda på naust varierer frå 2 til 3 meter.

Når det gjeld vindauga på det nye naustet er nasjonalparkforvaltar av den oppfatning at størrelsen på 60 cm x 120 cm er for stort. Bygninga skal ha eit preg av å vera eit naust og ikkje ei hytte. Med stor dør i den eine enden av bygninga blir det også bra med ljøs inne i naustet når desse er opne. Alternativt kan det eventuelt godkjennast eit vindauge på kvar side av bygninga på maksimalt 45 cm x 55 cm slik som det gamle naustet har i dag.

Det er i tillegg søkt om å nytte snøskuter til å frakte materiell til byggeprosjektet. I dette området er det berre dei indre delane som blir sporadisk brukt av villreinen, spesielt på våren og da mest av bukk. Anna vilt i området vil i liten grad blir forstyrra av transporten. Dette er den mest skånsame transportmetoden i denne samanhengen.

Verneverdiane eller verneformålet blir ikkje nemneverdig påverka ved at naustet blir oppført på ny tomt, og den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom vilkåra i saken blir følgt (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar blir dette sikra gjennom vilkåra som ligg i saken (§§ 11-12).

ST 34/24 Delegerte vedtak /
DS 39/24 Breheimen - Mørkridsdalen - Motorferdsel -Helikopter -Åsete - 2024 -
Material og utstyr - Ole Martin Bakken 2024/8697
DS 40/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024-2027
- motorbåt - Lundadalsvatnet - salting og tilsyn av beitedyr - Sondre Myhren
2024/6164
DS 41/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024 - Rydding av vegetasjon på
forhistoriske tufter ved Neto - Innlandet Fylkeskommune v/ Espen Finstad
2024/6878
DS 42/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 -
helikopter - transport av materialer og uttransport av avfall - Glitterbu - Skjåk
Almenning 2024/6004
DS 43/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - drone - tilsyn med
beitedyr - Lomseggen Beitelag v/ Espen Kvalshagen 2024/7236
DS 44/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Dispensasjon - Hogst av
ved til hytte - Steinar Øygard 2024/6876
DS 45/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - dispensasjon - motorferdsel
- motorbåt - tilsyn av beitedyr og fiske - Lundadalsvatnet - Tor Erik Myhren
2024/8325
DS 46/24 Delegert vedtak - Mørkridsdalen LVO - Riving og oppattsetting av utedo
på Fast - DNT Oslo og Omegn 2024/7982
DS 47/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 -
2027 - helikopter - lavtflyging i forbindelse med kalvetelling av villrein - Norsk
villreinsenter 2024/6607
DS 48/24 Delegert vedtak - dispensasjon -Mørkridsdalen LVO - helikopter
-reataurere Haugsselet på Dulsete - Johannes Hauge 2021/4296
DS 49/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Brearkeologi i Breheimen -
Innlandet Fylkeskommune v/ Espen Finstad 2024/6363
ST 35/24 Eventuelt /